

Vaulefolket på flukt frå Gestapo

Frå 1943 vart ein av dei viktigaste sendarane for etterretning i Rogaland plassert på Vaule i Bjerkreim. Sendaren skulle dekkje Stavangerområdet. Då denne sendaren vart oppdaga, måtte alle på dei to gardane flykta, i hui og hast, midt på natta.



Mange leid mykje vondt då dei gøymde seg for tyskarane. Dei låg ute under steinar, i hellerar og inne i lør. Ei av løene vart det sett fyr på, dette for «å brenna ut flyktningane» som tyskarane trudde var inne i bygningen. «Vi hadde ingen sjanse til å rømme, for vi var omringet av ca. 100 mann. Våpen og annet av verdi ble kastet i flammene, og vi gikk ut og overgav oss», skreiv Ludvig Vaule om då han, broren Karsten og Knut Vassbø gjekk ut til gestapisten Hølscher og medhjelparane.

Fleire av personane skreiv dagbøker om opplevingane frå flukta, fangenskap og tortur. Nokre kom seg over til Sverige, andre vart fengsla i Stavanger, Møllergata 19 eller på Grini. Nokre gøymde seg rundt i bygda til freden kom.

I boka finn vi mellom anna utdrag av dagbøker, forteljingar, gamle brev og dokumenter.

Tittel: Vaulefolket på flukt frå Gestapo

Skriven av: Jorunn Kydland

Format: 17x24 cm, 216 sider

Trykt i svart/kvitt, med farge på omslaget

Til salgs frå 8. mai 2015.

Kontaktinfo: Jorunn Kydland, tlf. 900 54 063

jorunnky@frisurf.no

www.commentum.no